



HØGSKULEN i
SOGN OG FJORDANE

**HANDLINGSPLAN FOR
STUDENTAR MED ULIKE
FUNKSJONSHEMMINGAR
2011-2013**

Revidert av Læringsmiljøutvalet ved

Høgskulen i Sogn og Fjordane

11. mai 2011

1. BAKGRUNN

Iflg. Lov om universiteter og høyskoler av 01.04.05, § 4-3, skal institusjonar "legge forholdene til rette for et godt studiemiljø og arbeide for å bedre studentvelferden på lærestedet".

Det er Læringsmiljøutvalet ved Høgskulen i Sogn og Fjordane (heretter kalt HSF) som har ansvar for dette.

I Stortingsmelding nr. 8 (1998-99) Om handlingsplan for funksjonshemma 1998-2001 er det slått fast at menneske med funksjonshemmingar skal ha høve til å utdanne seg vidare på universitet og høyskulenivå. Med dei støttetiltak og tilretteleggingar som har vore gjennomført på grunnskule og vidaregåande nivå, er det klart at fleire og fleire menneske med funksjonshemmingar vil få studiekompetanse og dermed ha ynskje om å gå inn i høgre utdanning. Føremålet med ein handlingsplan er å fokusere på vilkåra ved vår høyskule og kva som kan gjerast for å leggje forholda betre til rette.

Vi må vere merksame på at tilrettelegging for studentar med funksjonshemming ikkje berre gjeld dei fysiske tilhøva. Det er mange ulike funksjonshemmingar å ta omsyn til, nokre av dei er synlege og andre er skjulte. Eit kvart menneske har i utgangspunktet krav på respekt og lik handsaming frå sine medmenneske, uansett om dei er rullestolbrukar, allergikar, dyslektikar, svart, kvit, bonde eller direktør. Det handlar om haldningar og kanskje treng vi ei haldningsendring også i vårt miljø?

Ved nyttår 1999 oppnemnde rektor ved HSF ei arbeidsgruppe som skulle kartleggje problem for studentar med spesielle tilretteleggingsbehov ved høyskulen. Gruppa la fram sin rapport 10.09.99. Rapporten vart drøfta i det sentrale studiekvalitetsutvalet og vurderinga var at rapporten utgjorde eit godt grunnlag for Studiekvalitetsutvalget i arbeidet med handlingsplanen.

Handlingsplanen er eit forsøk på å oppsummere status, formulere problemstillingar, tiltak og ansvarsforhold i arbeidet med å gjere HSF tilgjengeleg for "alle". Handlingsplanen skal rullerast annakvart år. Frå og med 2004 er det Læringsmiljøutvalet ved HSF som har ansvaret for dette.

Kontaktperson, og ansvarleg for revidering av handlingsplanen; Sissel Kvåle Ulla, Studieadministrasjonen, tlf. 57 67 61 34, e-post sissel.kvale.ulla@hisf.no.

I tillegg er det ein kontaktperson på kvar avdeling:

Avdeling for økonomi, leining og reiseliv	Astrid M. Øyrehagen, Tlf. 57 67 63 18
Avdeling for ingeniør og naturfag	Kirsten Viddal, Tlf. 57 67 62 00
Avdeling for samfunnsfag	Helene Flatland Erfjord, Tlf. 57 67 62 50
Avdeling for lærarutdanning og idrett	Ingebjørg Vikesland, Tlf. 57 67 60 22
Avdeling for helsefag, Førde	Bjørn Leirdal, Tlf. 57 72 25 28
Høgskulelektor Hilde Hofslundsengen Kontaktperson for studentar ved alle avdelingar når det gjeld spørsmål om dysleksi: informasjon om HSF sitt tilbod, om hjelpemidlar, om studiestrategiar og tilrettelegging under studium og ved eksamen.	Tlf. 57 67 60 59 e-post: hilde.hofslundsengen@hisf.no

2. HOVUDMÅL

HSF har som eit overordna mål å setje fokus på studentar med funksjonshemmingar og tilhøva dei har ved HSF. Målsettinga er å tilretteleggje studietilbod og studiesituasjon på ein slik måte at flest mogleg kan gjere seg nytte av studietilboda ved HSF.

Ein høgskule som inkluderer mennesker med funksjonshemming i fellesskapet, både fysisk og psykisk, er ein god høgskule for alle, difor vil Høgskulen i Sogn og Fjordane prøve å oppnå dette på best mogeleg måte. Det ligg ei klar utfordring om å nytte færre særløysingar og satse på ei naturleg integrering med løysingar som høver for "alle"; "det som er nødvendig for nokon kan vere bra for alle"; *Universell utforming*.

3. STATUSRAPPORT

I perioden 2008-2010 har HSF hatt fleire konkrete tilfeller av særskilt tilrettelegging

Lese- og skrivevanskar – herunder dysleksi.

- Anonymisert dysleksiattest som vedlegg på eksamen
- Eksamensoppgåver innlest på lydfil og med moglegheit for å svare på lydfil, i tillegg til skriftleg besvarelse
- Munnleg eksamen i staden for skriftleg skuleeksamen (gjeld ikkje alle utdanningar)
- PC til eksamen
- Utvida tid på eksamen pga lesefart
- "Lesehjelp" til m.a. innleveringar av oppgåver (SISOF)

Kroniske lidingar (rygg, nakke osv.)

- gode bord og stolar
- rom med moglegheit for avslapping
- 1 time ekstra til eksamen

Rullestolbrukarar

- Tilkomst til 3. etg. i Kulturhuset med heis etter stengetid
- Parkering nær eksamenslokalet (utanom HC-parkering)

Psykiske lidingar (ADHD, Asberger, angst/depresjon m.m.)

- Individuell tilrettelegging, m.a. rom åleine, PC, utvida tid, munnleg eksamen i staden for skriftleg skuleeksamen (gjeld ikkje alle utdanningar).
- Prosjekt Studie Med Støtte (SMS) i samarbeid med NAV, HSF og SISOF

Høyrselshemma

- Rom 300 i Fossbygget har teleslynge. Faglærarar brukar "mygg" fast i alle forelesingar

HSF har gode erfaringar med tilrettelegging. Tilbakemeldingane viser at studentane har vore godt nøgde med dei tiltak som er iverksett.

4. KVA ER FUNKSJONSHEMMING OG KVEN ER FUNKSJONSHEMMA?

Omgrepet funksjonshemming har vore drøfta og utgreidd i mange samanhengar utan at ein er komen fram til eit felles omgrep og forståing av omgrepet. Funksjonshemming er ikkje ein eigenskap ved eit menneske, men heller eit resultat av eller uttrykk for at et menneske står overfor hindringar som det ikkje utan vidare kan overkome. Funksjonshemming er "eit mishøve mellom individet sin føresetnad og miljøet sitt krav til funksjon."

I Regjeringa si handlingsplan 1990-1993 vart følgjande definisjon nytta:

"Funksjonshemming er eit misforhold mellom individet sine føresetnader og miljøet sitt krav til funksjon på område som er vesentleg for etablering av sjølvstende og sosial tilvære".

Funksjonshemming er ein tilstand av varig karakter. Trygdesystemet i dag knyter omgrepet "uførhet" til:

"Ein tilstand av langvarig, alvorleg nedsetjing av funksjonsevna grunna sjukdom, skade eller medfødt misdanning".

Stønad til dømes, blir ytt til hjelpemiddel, opplæringstiltak og liknande til den som grunna sjukdom, skade eller lyte har vesentleg og varig innskrenka allmenn funksjonsevne. Jfr. Lov om Folketrygd av 1.5.97, §§ 5-8.

Erfaringar tilseier at studentane – før dei startar på utdanninga – har søkt og fått innvilga div. hjelpemidler frå Hjelpemiddelsentralen.

5. HANDLINGSPLANEN SITT INNHOLD OG ANSVARSOMRÅDE

Tilrettelegging i høve til menneske med funksjonshemming må sjåast i samheng med planlegginga generelt på høgskulen. Det vil vere ein naturleg del av høgskulen si kvalitetssikring i høve til studiekvalitet og studieprogresjon. Høgskulen sitt sentrale læringsmiljøutval (LMU), kontaktgruppa og studentrådgjevar ved SISOF er forum for drøfting av spørsmål som gjeld tilrettelegging. LMU har også ansvaret for rulling av handlingsplanen. All planlegging må vere basert på ei heilskapleg tenking der studentane er i sentrum, og bør difor inkludere "alle", også menneske med funksjonshemmingar, i fellesskapet både fysisk og psykisk.

Då "funksjonshemma" ikkje er ei einsarta, men ei svært nyansert og ulik gruppe som krev "rett tiltak til rett tid", vil det likevel vere trong for spesielle tiltak i høve til målgruppa. Det har difor vore naudsynt med "lokale" tilpassingar på dei ulike avdelingane, utvikla i samarbeid med den studenten som treng tilpassinga. Ut i frå dette vil handlingsplanen vere eit dokument som spesielt tek føre seg tilrettelegging av tiltak og avgjerdsprosessen i høve til desse.

Handlingsplanen sine ansvarsområde og oppgåver er delt inn i 4 hovudområde:

- 1. Informasjon og Opptak**
- 2. Tilrettelegging under studiet og i samband med eksamen**
- 3. Fysiske tilhøve og utstyr/materiell**
- 4. Samarbeid og avgjerder**

5.1 Informasjon og opptak

Realistisk informasjon er viktig i forhold til søkjarar med funksjonshemming. Dette gjeld både informasjon om særskilt tilrettelagte forhold, men også eventuelle hindringar i form av obligatoriske arbeidskrav og liknande.

Opptak til høgskulen sine utdanningar er regulert i sentralt fastsette forskrifter. Forskriftene fastset minstekrav for opptak som gjeld alle søkjarar. Gjeldande forskrifter opnar også for rangering av søkjarar på grunnlag av spesiell vurdering, mellom anna funksjonshemming. Søkjarar som ynskjer å bli vurdert etter denne ordninga, må be om dette i søknaden og leggje ved grunngeving og dokumentasjon. Frist 1. mars for opptak på særskilt grunnlag.

5.1.1 Mål

HSF vil legge til rette informasjon om høgskulen sine utdanningar med tanke på søkjarar med funksjonshemmingar. Høgskulen vil nytte dei ordningar som gjeldande forskrifter og reglar gjev for å sikre at søkjarar med funksjonshemming vert likestilt med ordinære søkjarar ved opptak til høgskulen sine utdanningar.

5.1.2 Tiltak i planperioden

- Høgskulen og Studentsamskipnaden sitt informasjonsmateriale skal vurderast med sikte på best mogeleg informasjon til søkjarar med funksjonshemmingar.

Ansvarleg: Studieadministrasjonen, Informasjonstenesta og SISOF.

5.2 Tilrettelegging under studiet og i samband med eksamen

Dette punktet omhandlar tilrettelegging i samband med mottak av nye studentar, tilrettelegging under studiet og i samband med eksamen.

5.2.1 Mål

HSF har som målsetjing å leggje til rette for at også studentar med ulike typar funksjonshemmingar kan gjennomføre utdanning etter sine føresetnader. Høgskulen ynskjer å gje gode tilbod i samband med mottak av nye studentar og tilbod om gode arbeidsvilkår i studietida. I forhold til eksamen er føremålet at særordningar skal gje kandidaten best mogelege vilkår for å dokumentere kunnskapane sine. Det er eit overordna prinsipp at særordningar ikkje skal hindre at eksamensprestasjonen vert vurdert etter vanlege faglege kriterium.

5.2.2 Tiltak i planperioden

- Høgskulen oppretta hausten 2001 ei ordning med kontaktpersonar på kvar avdeling for studentar med funksjonshemming som har til oppgåve å fange opp behov og koordinere tiltak.

Ansvarleg: Rektor

- Høgskulen har sett i verk tiltak med sikte på auka kompetanse i høgskulen om tilrettelegging for studentar med funksjonshemming. Leiara for kontaktgruppa er med i "Brukerforum for funksjonshemmede i høgere utdanning" som er organisert og vert leia av Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO). Brukerforumet har jevnlege møter i Oslo. Leiaren er også tilstades på årlege konferansar for universitets- og høgskulesektoren i regi av Universell, Nasjonal pådriverenhet i høgere utdanning. Avdelingane sine kontaktpersonar skal ha møter og vert tilbudt foredrag med sikte på å auke kompetansen innan området.

Ansvarleg: Rektor

- I arbeidet med nye og reviderte fag- og studieplanar skal det vurderast om planane inneheld hindringar, og kva som eventuelt kan gjerast for å gjera utdanningane tilgjengelege.

Ansvarleg: Avdelingane.

- Bibliotekteneste og it-teneste skal leggjast til rette med tanke på studentar med funksjonshemming.

Ansvarleg: Studieavdelinga

- Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, fastsett av styret 19. desember 2005, iverksett 1. januar 2006.

Ansvarleg: Studieadministrasjonen.

5.3 Fysiske tilhøve, utstyr og materiell

I St. meld. Nr. 8 (1998-99) og Regjeringa sin handlingsplan for funksjonshemma er det slege fast at funksjonshemma skal ha likt høve til utdanning på universitet og høgskulenivå. Det heiter at utdanningsinstitusjonane skal vere tilgjengelege for funksjonshemma, ved at skulane vert pålagde å nytte 5% av vedlikehaldsløyvinga til tilrettelegging.

5.3.1 Mål

HSF vil legge til rette for at bygningar, utstyr og materiell skal stette lovpålagde krav, og så langt ressursane tillet det at bygningar, utstyr og materiell gjer høgskulen tilgjengeleg for flest mogeleg.

5.3.2 Tiltak i planperioden

- Universiell utforming og tilgjenge for flest mogleg må vurderast i samband med all planlegging av nybygg og ombygging i høgskulen.

Følgjande tiltak er gjort av HSF/Statsbygg i planperioden:

- Montert dørlukkesystem i to rom, Foss
- Felt ved hovudinngang Foss er asfaltert og det er lagt varmekablar (start gangveg for m.a. rullestolbrukarar frå Foss-bygget til Missing Link)
- Motor i inngangsdør v/personalinngang, Foss
- Belysning på parkeringsplassane Lunnamyri og Nedrehagen
- Skilting og markering av glassfelt ved hovudinngang i Foss-bygget og Avd. for lærarutdanning er under arbeid
- For høge lister er fjerna i heisane
- Taktile (følbare) knappar og taleanvisning i heis, Foss
(Taktile knappar og taleanvisning i Kantinebygget, Avd. for lærarutdanning og idrett, er lagt til 2012-budsjettet)

Ansvarleg: Personal- og økonomiadministrasjonen/Statsbygg.

- I rom- og timeplanlegginga skal det takast omsyn til studentar med funksjonshemming sine behov.

Ansvarleg: Avdelingane.

- Ved innkjøp av undervisningsutstyr, it-utstyr, ulike informasjonsberande medie i biblioteket m.m. skal det takast omsyn til studentar med funksjonshemming sine behov. IT-avdelinga har tilpassa heimesidene for å kunne auke skriftstørrelse for synshemma, og det er lagt inn direktelenke for å kunne gå rett til innhaldsfeltet for å hjelpe brukarar som nyttar leselist. IT-avdelinga har høg prioritet på å gi tilpassingar i kvart tilfelle i samråd med Hjelpemiddelsentralen.

Ansvarleg: Bibliotek-leiar og IT-leiar

- SISOF (Studentsamskipnaden i Sogn og Fjordane) har eigne hyblar for rullestolbrukarar i Stedjeåsen. Desse er tilrettelagt med m.a. rampe og benkeplater i rett høgde.
- For høyrselshemma er det montert naudlys til utgangsdør.
- Kantina på Campus Fosshaugane og i Kulturhuset er tilrettelagt for rullestolbrukarar.
- Studenthuset Meieriet er tilrettelagt for studentar med funksjonshemming. HC-toalett, rampe og låg dørstokk til lokalene
- Det skal arbeidast vidare med å få til gode tilbod til studentar med funksjonshemming når det gjeld bustad, kantinetilbod og andre velferdsgoder.
- Studentbarnehagen ligg på grunnplan og tilrettelagt for rullestolbrukarar

Ansvarleg: SISOF.

5.4 Samarbeid og avgjerder

Det er naudsynt med samarbeid mellom alle delar av høgskulen, studentsamskipnaden og studentorganisasjonane om vi skal få til ei samordning og heilskapleg planlegging av ulike tiltak for studentar, og gjennomføre dei på ein god og rasjonell måte. Røynsler syner også at det er naudsynt med klart definerte ansvarsområde. Det er viktig at Høgskulen i Sogn og Fjordane står fram som ein felles institusjon med felles målsetting som er innstilt på å gi god service til brukarane. Studenten og han/hennar behov må vere i sentrum.

1. Mål

Få til eit godt samarbeid mellom LMU, SISOF sin studentrådgevar og kontaktpersonane til felles nytte for studentar med ulike typar funksjonshemmingar.

5.4.2 Tiltak i planperioden

- Med utgangspunkt i ordninga med kontaktpersonar på kvar avdeling for studentar med funksjonshemming, vil ein bygge opp nettverk og kontaktforum mellom dei ulike einingane i høgskulen sin fellesadministrasjon, avdelingar, samskipnaden og studentorganisasjonane.

Ansvarleg: Rektor

5. OPPFØLGING OG EVALUERING

Handlingsplan for studentar med funksjonshemming skal reviderast annakvart år. Høgskulen sitt sentrale læringsmiljøutval har ansvaret for dette.

Referansar:

- St.meld.nr. 8 (1998-99), Regjeringa sin handlingsplan for funksjonshemma, 1998-2001
- Lov om universiteter og høyskoler av 1.4.05, § 4-3, Læringsmiljø
- NIFU STEP rapport 47/2010, Tilretteleggingsutfordringer i høyere utdanning før og nå
- Stortingsmelding nr. 40 (2002-03) Nedbygging av funksjonshemmende barrierer. Strategier, mål og tiltak i politikken for personer med nedsatt funksjonsevne
- Universell, Nasjonal pådriverenhet i høyere utdanning, rapport 1:2011

